

## Hauger (gnr. 8)

Hauger: Gardnamn som kjem av naturnamnet hauger i fleirtal. Skrivemåten har vore ustø og skiftande, men som regel slik at namnet var godt kjennelag.

Det er i Akershus lensrekneskap for året 1560-61 vi tidleg først finn garden Hauger i Faberg omhandla. Brukaren er da kalla Euindt Houg, og han svara den utlikna foringskatten med ”2 faar”. I 1604 er det blant ”Ødegaardsmend” ført ein mann ved namn ”Erich Houge”, men i 1611 er truleg same Erik kalla ”Erick Hage”. Frå tre år seinare finn ein derimot Lucas Hauge ført i gruppa for Leiglendingebønder på ein ødegard. Om same Lucas er det vidare fortalt at han og var jordeigande bonde og åtte m.a. jordegods til 1 hud i bemeldte Hauge.

Ein liten mannsalder seinare var det i 1629 ein kvinneleg gardbrukar i Fåberg av namn Guri Hauge. Ho betalde da den utlikna leiglendingsskatten med ein ½ dalar i pengar. – Endeleg i 1660 finn ein gardnamnet skrive H a u g e r , og brukar der varda Engebret Toresen. Det er vidare fortalt at han da svara 1. bygsel av ”en Ødegaard kaldis Hauger ” av skyld 4 skinn, og at bygselpengane som han da svara, var 4 dr. Frå mellomtida er enda å nemne at i registret for Kopskatten 1645 er brukaren kalla Oluff Hauge. Han betalte den utskrivne ekstraskatten for kona si og seg sjølv med 18 skl. Etter den sers pålitelege kjelda ”Mandtals Register for Kvegskatten 1657” kan vi nå slå fast at brukaren på Hauger i den tid heitte Oluf, og at husdyrhaldet på Hauger da var: 2 hopper, 8 naut og 2 sauer. Det ser mest ut til at den same Oluf Hauger alt da dreiv hestalnad. Ei anna historisk kjelde frå denne tid er Mandkiøns-Mandtallet av 1665. Der er det oppgitt at brukaren egentleg heitte Ole(Oluf) Engebretsøn og da var 70 år. Det er elles opplyst at Ole (Olof) hadde ein son Engebret Olsen, som da var 40 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Houger vidare fortalt at landskylda av garden da var 4 skinn, og at eigar av garden var Kongen alene, men brukaren der heitte også da Oluff. Om garden Houger og gardsbruket der er det elles vidare oppgitt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 10 naut, og at korntidenda vart utreidd med 1 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 15 tønner. Det er fortalt at ”Engen”, innmarka var skrinn, men det var skog til gards bruk og ”Noget Brotteland”. Det går tydeleg fram at Hauger alt da hadde fjellslått og eiga kvern, sikkert ved haugerfalla i Rinna elv. - Ti år seinare var det i 1678 Engebret Houger som var brukar av garden. Han svara da forutan landskylda, dei 4skinn eller 1 ½ pund 4 merker smør, også 3 mark og 3 skilling i utreidsle. Når det gjeld landvernet i denne tid er det i 1693 oppgitt at dei to Audenusgardane, Lekshus, Mo, Jevne, Hauger og Rinden isaman utgjorde t 1. Soldatlegd for Fåberg. Den rulleførde for Hauger var da Ole Engebretsen, 28 år, men ”Enkens Søn var udgaaen på landet”.

Men i 1704 var det arveskifte på ”Hauer i Lillehammer i Faaberg” for husfrua Kirsti Alfsdatter var da død. Jordegodset ved skiftet var Hauger av skyld 4 skinn, og arvebuet utgjorde brutto 59 rd. og netto 23 rd. Det går vidare fram at husfrua Kirsti Alfsdatter hadde vore gift to gonger, først med Engebret Hauger og så med Halvor Halvorsen, men det var visstnok born berre i det 1. ekteskap. Arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen Halvor Halvorsen, dei 4 borna i 1. ekteskap. Dei var Thomas og Ole Engebretsøner og Ingrid og Imbjør Engebretsdøtre. Det er elles opplyst at Ole Lekshus og Halvor Jevne var vurderingsmenn ved skiftet, og Jacob Tråset vart forordra til verge for Imbjør Engebretsdtr., som enda var umyndig.

Om rydding av plassen Haugerhaugen fortel ei tinglyst sak av 1714. Halvor Halvorsen Hauger let da tinglesa ein bevillingsseddel frå fogden der han fekk rett til å rydde på ”et sted kaldet Haugen beliggende i udmarken”.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Houger” oppgitt at garden ligg i sollia, at han er lettbrukt, og at jordarten er ”temmelig god, dog noget Tørlent”. Buskapen på Hauger var da 2 hestar, 10 naut, 10 sauer og 8 geiter, og den årlege utsæd av korn var kring 2 ½ tønne bygg og litt rug. Kverna ved Haugerfalla var framleis i bruk, og det er vidare opplyst at Hauger da hadde utslåttar til 4 lass høy, og at høyavlinga i det heile utgjorde ca. 20 lass. Elles hadde den store og gledelege endring skjedd at husbonden Halvor Halvorsen hadde fått skjøte og var dermed ikkje berre brukar, men og eigar av Hauger.

Om husbonden Halvor Halvorsen er elles å fortelja at han var son av Halvor Poulsen Kval og Helga Jonsdtr. i Saksumdalen, og at Halvor og Helga vart opphavet til ei stor og vidt forgreina ætt.

Men husbonden Halvor Halvorsen vart ingen gamal mann. Han døde i 1725, og det var da atter skifte på ”Hauger i Lillehammer i Faaberg”. Ved dette skiftet var da jordegodset Hauger medregistrert i arvebuet, som dermed utgjorde brutto 182 rd. og netto 158 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Anne Christensdtr. dei 2 borna i ekteskapet. Dei var: 1. Halvor, som da var 22 år, 2. Beret, som var 17 år. - Av ei tinglyst sak av 1738 går det dessutan fram at da var Beret Halvorsdtr. Hauger f. 1708 gift med Lars Olsen Døsen.

Halvor Halvorsen Hauger f. 1703 gifta seg i 1730 med Eli Olsdtr. Tråseth nordre f. 1709, død 1798, og dei hadde i sitt ekteskap 4 born, nemleg: a. Anne f. 1732, b. Sønnøv f. 1734, c. Beret f. 1738, d. Ole f. visstnok i 1743.

Halvor Hauger f. 1703 var framleis eigar og brukar av garden i 1748. Han fekk da ein bevillingsseddel av foged Christen Pram, og saka er etter utskrift av panteboka ført slik:

”Houger

Bevillingsseddel dat. 17. Septbr. 1748 tgl. s.d..

Foged Christen Pram bevilger Halvor Halvorsen Houger av Fåberg prestegjeld 3 less hø på Hougen sæter og 1 less hø på Høy-Kjølen i hans Mayts almindig beliggende, som forhen har været i brukt under gården Houger, imot at oppsidderen betaler i årlig rettighet av bemeldte 4 less hø 8 s. Dansk samt forbedrer den så at derav mer avgift til Hans Mayts jordebog i fremtiden kan svares.”

Om husmannsplassen Haugerstuen handler ein bygselseddel som husbonden Halvor Hauger i 1751 gav til Siver Jonsen på ”en under hans gård Houger til og underliggende husmannsplads Houger Stuen kaldet beliggende ved akerjordet mot årlig husleie 2 ½ rd i årsarbeide.”

Men i år 1766 gav så husbonden Halvor Halvorsen f. 1703 skjøte til sonen Ole Halvorsen og hans arvingar på garden ”Haugen” framleis av skyld 4 skinn for kjøpesum 300 rd. + føderåd til foreldra som baa enda var i live. Vedlegg v/SL. Samtidig var det og den 26. mai 1766 skifte på Hauger. Ved dette skiftet går det fram at ei lytelaus vaksen ku vart verdsett til 4 dlr, ei kvige til 2-3 dlr., søye med lam til ein ½ dlr., geit med killing 2 ort, ein vaksen galte til 2 dlr, ungsvin til 1 dlr., ein 4 års fole til 6 dlr., ei 13 års hoppe til 3 dlr. I alt var buskapen på Hauger da: 1 fole, 3 hopper, 13 kyr, 9 ungnaut, 16 søyer med lam, 8 geiter og 5 griser. – Av

inventaret vart 1 kyrkjesele verdsett til 2 dlr. og 4 andre kyrkjeseler med taumar og anna utstyr verdsett til 1 dlr. kvar. Ein kopar bukjel vog 2 bismarpund og vart vedsett til 7 rdl, ein brennevinskjel vog 1 pnd. 18 merker og vart taksert for 5 dlr., vidare vart ein kakkelovn med jernrut verdset til 8 rdl., ein barlågkjel til 1 dlr. 1 ort, eit barkekar til 2 ort, eit sølvbeger til 3 dlr. Og ein huspostil til 1 rdl.- Det er grunn til å tru at brennevinskjelen her på Hauger kanskje var ein av årsakene til at husbonden Erik Jevne, Ole Halvorsens svigersønn, seinare laut på tukthuset.

Sonen Ole Halvorsen, som i 1759 hadde tatt over som eigar og brukar av Hauger, gifta seg i 1774 med Kirsti Christophersdr. Bolung f. 1753, og dei fekk i sitt samliv 7 born. Dei var: 1. Beret f. 1775, g.m. Erik Halvorsen Jevne, 2. Marte f. 1780, g.m. Ole Kristoffersen Døsen, tippoldeforeldre av den nåverande husmor på Hauger: fru Marit Audenhus Lindstad, 3. Eli f. 1783, 4. Kristense f. 1786, 5. Halvor f. 1784, død som barn, 6 Anne f. 1792, g.m. Even Olsen Bratberg, 7. Sønnøv f. 1798, g.m. Amund Syversen Skjellerud.

Frå Ole Halvorsen si brukartid er ei merkeleg sak mellom han og Erich Nielsen Traaset. Saka, som elles var fore på 2 tingmøte, er etter utskrift sålydande:

”Fåberg 10 oktbr. 1785.

Ole Halvorsen Hauger har til et tingsvidnes erhvervelse innstevnt Erich Nielsen Traaset til å høre vidner om at han skal ha sagt at han ville ihjelskyte alle citantens hester og at han har beskadiget en hest tilhørende citanten.

Vidnerne forklarte at de forrige sommer hadde hørt innstevnte si, at hvis han hadde hatt noget å skyte med, skulde han ha skutt i hjel samtlige citantens hester. En hest var beskadiget i sætren denne sommer og var død. Det så ut som en kule var gått inn i dens venstre side. En del andre vidner gives laugdag.

Fåberg 16. Febr. 1786.

En del nye vidner blev avhørt. Vidnet Svend Olsen som var forelagt å møte, ilegges bøter, og forelegges å møte til neste ting.”

Setra det her gjeld, var sikkert Vismund sæter der Tråset alt hadde seter i 1668, men Hauger truleg nyss hadde flytt inn. Husbonden Ole H. Hauger f. 1743 døde i 1792, og det var da atter arveskifte på ”Hauger i Lillehammer, Faaberg”.

Ved dette skiftet var jordegodset i buet forutan Hauger også Ovren Ødegård av skyld 8 skinn verdsett tilsm. for 800 rd. Det var da stor velstand på Hauger, og arvebuet utgjorde brutto 3 750 rd. og netto 3 600 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Kirsti Christophersdr. dei 6 døtrene i ekteskapet, som framleis alle var i live.

Når det gjeld slåttelandet Ovre(n) øgarden har ein her elles dette merkelege at jordstykket etter handelen kunne få to heilt ulike namn. Hos kjøparen på Hauger vart slåttelandet altså kalla Ovre(n)øgarden. Heime i grenda, her i øvre Vingrom, der jordstykket låg, fekk det derimot snart namn etter den nye brukaren og vart kalla Haugerøgarden. Slik var det og med Hovsøgardane i øvre Vingrom.

Enka Kirsti Christophersdr. Hauger gifta seg i 1795 oppatt med Anders Amundsen Døsen f. 1766, og dei fekk i sitt ekteskap dottera Berte f. 1796.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 5 familiar på og/eller ved Hauger. Dei var:

1. familie: 1. Anders Amundsen, husbonden, 35 år, 2. Chirsti Christophersdtr., kona hans, 48 år, 3. Martha Olsdtr., dotter til kona, 20 år, 4. Eli Olsdtr., 17 år, 5. Christense Olsdtr., 15 år, 6. Sønnøv Olsdtr., 13 år, 7. Anne Olsdtr., 9 år, 10 Berthe Andersdtr., dotter til baa husbondsfolka, 5 år, 11. Ole Svendsen, tenestkar, 22 år, 12. Halvor Pedersen, tenestkar, 17 år, 13. Lars Jacobsen, tenestkar, 51 år, 14. Martha Christophersdtr., tenestkvinne, 21 år, 15. Inge Thomasdtr., legdslem, 80 år;
2. familie: 1. Peder Engebretsen, husmann med jord, 45 år, 2. Berit Olsdtr., kona hans, 63 år;
3. familie: 1. Ole Hansen, ”inderste uden Jord, gaar i Dagleje.”, 60 år, 2. Sigrid Olsdtr., kona hans, 53 år;
4. familie: 1. Lars Iversen, husmann med jord, 35 år, Anne Christophersdtr., kona hans, 27 år, 3. Sidsell Larsdtr., dotter deira, 3 år;
5. familie: 1. Amund Jonsen, ”Inderste uden Jord, gaar i Dagarbeide”, 58 år, 2. Marit Iversdtr., kona hans, 58 år, 3. Lars Amundsen, son deira, går i dagarbeid, 31 år.

Tre år seinare gav i 1804 husfrua Kirsti Christophersdtr. med mann Anders Amundsen skjøte til svigersønnen Erik Halvorsen Jevne, og dei to hadde da ei tid både Hauger og Jevne. I den tid fekk dei og to born, nemleg: Berte f. 1800 og Halvor f. 1803. Men fire år seinare drukna faren Erik H. Jevne, og det var da atter skifte på Hauger. Ved dette skiftet vart jordegodset i buet, Hauger med Ovren Engeland av samla skyld taksert for 1 600 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1871 rd, men netto berre 392 rd. Ei utskrift av skiftebrevet er elles opplysande og har denne ordlyden

”Hauger.

Skiftebrev Tgl. 1808, desbr. 8.

på Hauger efter Erik Halvorsen beg. 10. Novbr. 1807 og sl. 8. Jan. 1808, hvorved denne gaard matr.nr. 6, av skyld 4 skind med Ovren Engeland matr. nr. 11, 6 skind, er tatt boet til inntekt for 1600 rd. som er utlagt til følgende, nemlig til skifteomkostninger, revisjonskassen, Tugthuset, Andreas Lysgaard, Christen Jevne, Anders Amundsen Hauger, Ole Sveen, Enken Berit Olsdtr., sønnen Halvor Eriksen og datteren Berte Eriksdtr.”

Berte Andersdtr. Hauger f. 1796 gifta seg med korporal Arne Dahl, og dei fekk i sitt samliv 1 barn, sonen Ole f. 1815. Men faren Arne Dahl døde snart etter, og enka Berte Andersdtr. Hauger gifta seg da oppatt med Christian Christophersen Dahl øvre, og dei fekk saman 10 born av hvilke Marte blev gift til Øvre Rindal.

Berte Olsdtr. Hauger f. 1775, gifta seg oppatt med skoleholder Amund Jensen Lunden, Biri, og dei fekk i ekteskapet 2 born, nemleg Ole f. 1811 og Agnete f. 1813. Av dei vart så Ole i mogen alder gift til Kjos i Gausdal, og Agnete vart gift med Chr. Reistad.

Dette var i den tid Jevne Glasverk var i gang, og av 1810 er ei kontrakt mellem forvaltar Klemp og den nye brukaren på Hauger, Amund Lunden, om tomt til ”anlegg av en sandstampe paa grd. Haugers grund”. Ni år seinare var det i 1819, etter fogdens utnemning av lagrette, ei ”besiktigelse og skjønnsforretning over Amund Jensens sag Hauger-Sagen”.

Av same år, altså 1819, er og matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Hauger med Ødegaarden” oppgitt at buskapen av store husdyr da var 3 hestar og 16 naut, og at den årlege kornavling til vanleg utgjorde kring 45 tønner.

Tidlegare skoleholder Amund Jensen var framleis gardbrukar på Hauger i 1826. Han ordna det da slik at husa på Hauger kunne bli branntrygda i den nye institusjonen Faaberg Brandassurance Selskab. Det er både interessant og opplysende å kunne nemne at politen vedkomande Hauger er nummerert nr. 1.

Ei avskrift at søknaden om trygding, og Formannen si påtegning om at trygdinga er i orden, er ført på same ark og har denne ordlyden:

### ”Optegnelse

over mine ejende Huse paa min gaard Houger hvilke ønskes forsikrede i Faabergs Brandassurance Selskab, for den efter bedste skiønn hersatte Taxt –

No 1. Den nordre Stuebygning	300 –
2. Den søndre Stuebygning	150 –
3. Fæhuset med bygning ovenpaa	100 –
4. Hestestalden med høloft ovenpaa	50 –
5. Laden	100 –
6. Ildhuset eller Bryggerhuset	50 –
7. Huset til Smaa-Creaturer	30 –
8. Staburet	80 –
9. Et Vogn eller Slædeskur	20 –
10. Bastuen	<u>20 –</u>
	Til sammen
	900 – Sp.daler

Houger den 5te Januar 1826.

(Underskrift)

(Påtegning)

Da Amund Hougens Forlangende at blive Medlem af Faabergs Brandforsikringssselskab er antaget, saa forsikres ham herved, om Erstatning efter forestående Taxt, i tilfælde Vaadeild skulde foraarsage nogen Skade derpaa, saalænge han er Eier af ovenstående Huse, alt efter Selskabets Love.

Smestad den 12. Februar 1826

N.Fliflet

Formand.”

Tidlegare skoleholder Amund Houger førde og rekneskap, og rekneskap kan røbe så mangt. Brennevinskjelen på Hauger var visstnok framleis i bruk. I 1836 er såleis bokført:

”28/2. Bekom Lars Sveen 30 potter brennevin, for samme skal jeg have 6 Bismerpund Jern naar han kommer hjem fra Grundset Marken.”

”1833: 14/12: Bekom Svigermor 3 ½ pot brennevin”.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Hauger fekk da som si nye matrikkelskyld: 4 skylddalar 2 ort 18 skilling, og det var husbonden Amund Jensen som også da var eigar og brukar av Hauger. - Med året etter skjøta i 1840 Amund Jensen ”som gift med Erik Halvorsens enke til dennes Søn Halvor Eriksen på begge Eiendommene nemlig Houger og Ovren-Ødegaard”. Dertil kom så føderådsbrev til seljarane Amund Jensen og Beret Olsdr. Samtidig lånte og kjøparen Halvor Eriksen den sum av 800 rd. Av Thomas Jørstad mot årleg lovleg rente og pant i ættegarden Hauger. Kondisjonane da Halvor Eriksen overtok garden var elles etter avskrift desse:

## ”Conditioner

hvorefter Halvor Eriksen modtager Gaarden Haouger den 14. April 1840

1. Saalænge gamle Kirsti Christoffersdtr. lever, ydes aarlig Føderaad til Amund Jensen og hustru Berit Olsdtr. i lighed med hva bemeldte Føderaadskone til sammen efter kontrakt af 15de Februar 1804 med følgende Tillæg:
  - a. 1 pot Melk daglig naar ingen af Føderådsfolkenes Kiør melker.
  - b. Grundleien af Stampemøllen og en Ager beliggende søndenfor kilden og den søndre Hauge med 4 læs Hestegjødseel hver Høst paa denne, men Ageren gjødsles hvert 3de Aar, de to første Aar undtagen.
2. Naar den gamle Føderådskone ved døden er afgaaen nyder Amund Jensen og hustru Berit Olsdtr. aarleg Føderaad i lighed med hendes havte Føderaad i Ett og Alt, Agermaalet undtagen, med tillæg af 1 koefoder, 2de Soufoder og ½ tønne Rug, fri Tørking, maling, Brygning, og Bagning, samt den halve Huud. Kornets vægt bestemmes til 5 Voger af Byg og 4 Voger af Blandkorn.
3. Naar en af disse Føderaadsfolk ved Døden Afgaar, bortfaller af Føderaaden een trediedel, dog saaledes at den Længstlevende nyder Fødsle og Røkt for 6 Smaakreaturer med Yngelen til Hvert aars Høst.
4. Til Husrum forbeholder de sig den vestenfor Gangen staaende Deel af Hovedbygningen med Kjelder og rettighed til at indrette et Spiskammer i Gangen, den østre Deel af Staburet og rum til deres Korn og Høe i Laden i den Underste østre Lang. Samtlige Huse vedligeholdes af Gaardbrugeren. Som følge heraf bortfaller Rettighed til Huusrum efter Kirsti Christoffersdtr.s Contract. Gaardbrugeren bekoster Føderaadsfolkenes Begravelse paa en anstendig Maade. - Med Gaarden følger alle Sæterkopper saavel af Malm som Træ, det behøvende Vaaraandfoder, den skimlede Hest, de hjemkjørte Saugbord og indventariet saavel ved Saugen som i Møllehuset. Løsningssummen for Gaarden bestemmes til 1000 Spd. som med Fradrag af Kjøberens Fædrearv og hans Lod i Kjøbesummen forrentes fra Gaardens Tiltrædelse, men imidlertid udstedes panteobligation samtidig med Skjødet. Saavel Skjøde som Føderaadsbrev udferdiges paa første Ting og bekostes av Kjøber og Selger, hver for det halve. Det i Gaardens Skoug til Dato aavirkede Tømmer beholder Selgeren tilligemed fri Saug til dette. Herværende paa Gaarden hjemkjørte Saugbord tilfalder Kjøberen.

Vitne ved handelen var: A. Jørstad og Chr. Dahl.

Halvor Eriksen f. 1804, som 1840 tok over som eigar og brukar av Hauger, gifta seg i 1848 med Kristine Olsdtr. Kolberg f. 1822, og dei fekk i sitt ekteskap 4 born. Det var: 1. Berte f. 1849, gift 1873 med Even K. Ulland, 2. Ole Andreas f. 1851, g. 1894 med Guri Rindal f. 1860, 3. Elise f. 1855, d. Kristian f. 1858, g. 1894 m. Maren Knudsdtr. Søby, f. 1888.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Houger oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 218 mål, og av dette var 72 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare fortalt at husdyrhaldet på Hauger med husmandsplassar var 4 hestar, 16 storfe og 35 småfe, og at den årlege utsæd i den tid også på Hauger gard og plassane tilsaman utgjorde kring 12 ½ tønne korn og 9 tønner settepoteter. Same året er det og under garden Hauger oppgitt at T. Kråbøls seterlykkje på Vismunden seter kunne utvidast. Ein merker seg

og at da det i 1892-93 var utskriftning av Vismunden seterskog er dette omhandla under grd. Hauger.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Hauger i Vingrom fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 8 av samla skyld 10,75 mark, og det var enda berre eitt bruksnummer under gardsnummer 8, nemleg grn. 8 brn. 1 Hauger av skyld 10,75 mark og Ole Halvorsen altså var eigar og brukar av.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det altså vidare skjedd dei skifte at sonen Ole Halvorsen f. 1851 hadde tatt over som eigar og brukar av Hauger. Ein merker seg elles at det i den prenta utgaven av matrikkelen for 1904 er den feil at namnet til faren Halvor Eriksen er oppført i staden for namnet til sonen Ole Halvorsen vedlegg v/SL. Halvor Eriksen f. 1803 døde i 1868.

Som eit streif av nyare tid tek vi her med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 10 personar med røysterett på og/eller ved Hauger. Dei var: 1. gardb. Ole Halvorsen Hauger, 55 år, 2. husmor Guri Kr. Hauger, 45 år, 3. Husmann Johan Paulsen Rønningen, 52 år, 4. husmor Agnete Andreasdr. Rønningen, 51 år, 5. Arbeidar Paul Johansen Rønningen, 25 år, 6. husmann Ludvig Kristiansen Haugerengen, 66 år, 7. Husmann Johan Evensen, Haugerengen, 31 år, 8. husmor Matia Andreasdr. , Haugerengen, 33 år, 9. Husmann Bernt Evensen, Haugerengen, 26 år, 10. husmor Klara Ludvigsdr., Haugerengen, 32 år.

Av handlar i seinare tid med Hauger og/eller parsellar av garden merker ein seg at i 1923 skjøta så Ole og Guri Hauger slektsgarden Hauger over til nær slektning og pleieson Sigmund Lindstad. Sa å seia samtidig fekk så Alfred Nilsen skjøte på grn. 8 brn. 2 Bjerklund av skyld 0,02 mark, og Ole H. Hauger tok i 1924 sjølv ut skjøte på /. Gnr.. 8 brn 3 Fløithaugen av skyld 0,43 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 likevel framleis berre eitt bruksnr. under gardsnr. 8 med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Nemleg: grn.8 brn. 1 Hauger med eitt oppgitt jordbruksareal på ca. 190 dekar som Sigmund Lindstad framleis var eigar og brukar av.

Den nåværande eigar og brukar Sigmund Lindstad f. 1898 av foreldre Johan Lindstad og Ingeborg f. Rindal gifta seg med odelsarving til Audenhus nordre Marit Larsdr. Audenhus, og dei har i sitt ekteskap 4 born. Dei er: 1. Gunvor Mathea f. 1930, 2. Inger Johanne f. 1938, 3. Lars f. 1939, 4. Marit Solveig f. 1941.

Til slutt tek vi så her med ei prøve på kva Sigmund Lindstad ut frå sitt nære kjennskap til garden m.a. kan fortelja om Hauger:

1. Det sammenhengende jordbruksareal er nå (1962): 225 mål, derav 80 mål havnehage, sæterløkker: Vismund og Haugerhaugen: 40 mål, dyrka jord: 100 mål Skog i alt: 3000 mål ( - Fraskilt til søn Lars: Fløythaugen, fra 1/1. 1961).
2. Det har vært rett til elgjakt, som nå er gitt over til grundeierlag. Utslåtten Fløyten på vestsida av Fløytebekken, 1 mil fra garden er nevnt brukt 1790 og blev utlagt omkr. 1880. Der var 3 lyuer og et stjørhus. Der blev av og til høstet opp til 20 vinterlass for.
3. -----
4. TUNET ligg på ca. 170 m.o.h.
5. Hovedbygningens alder kan ikke bestemt tidfestes, men nordvestre del av den er tilbygget, og nevnt som føderådsrom omkr. 1800. Nyere føderådsbygning er oppsatt i 1916. Uthus er ferdigbygget nytt i 1955.

6. Det er mye gamle møbler og andre bruksgjenstander opptil ca. 200 år gamle. Blant annet stoler og sofa laget av naboen på Jevne, Ole H. Moen, som dreiv ganske stort med snekring.
7. Av gamle navn: På garden: Storåkeren, Millombakkflåa, Nordengflata; I skogen: Bjønnyra, Renninga, Delingsbakken, Klompeskålråket, Brattbakken, Raumyra, Svendsmyra.
8. Omkring. 1765 blev tilkjøpt et slåtteland Haugerøgarden (mellem Fryjordet og Ovre) av Lars Olsen Ovre, og ca. 1860 solgt igjen. Omkr. 1860 tilkjøpt Nordre Myre på Biristrand, som forrige eier av Hauger, Ole Haugers bror, bodde på etter at han blev gift og hvis søn overtok dette bruk i 1923. Ellers er frasolgt flere husmannsbruk.
9. Ole Hauger f. 1854 stammer i direkte linje tilbake til Halvor Kval og Helga Jonsdtr. I Saksumdal. Deres søn Halvor, død 1725, blev gift med enken etter Engebret Olsen bruker av Hauger i slutten av 1600 tallet. Halvor gift annen gang med Anne Kristensdtr. Det er fra disse 2 slekten frem til vore dager stammer. Ole Hauger f. 1851 var barnløs og overdrog garden til sin kones søstersøn, pleiesønnen Sigmund Lindstad. Hans kone Marit f. Audenhus har en tippoldemor på sin morside som er av ovennevnte Haugerslekt, nemlig: Marte Hauger f. 1780 gift til Døsen, og vis sønnesøn i Kindlien blev far til Marit Lindstads mor.
10. Det var inntil 1900 mølle på garden, ved elva Rinna, drevet med vasskraft. Det var 3 kverner med hver sitt store vasshjul (ca. 5 meter i diameter). I følge kvernregnskapet som foreligger fra omkr. 1825, blev det kjørt kort til Hauger mølle fra Furu og Øverhaugen i nord til Feiring på Biri i sør og over Mjøsisen fra Mælumsgardene på Brøttum. Det var dessuten sagbruk like ved mølla, opprindelig oppgangssag, senere dobbelt tømmer sirkel og takflishøvel. Litt lengre ned etter elva var det stampe, som m.a. blev brukt til vadmolsstamping. Den blev iflg. kontrakt av 21/1-1808 bortleid til Jevne Glasverk. Merke etter Stampa er nå bare en stor stein som det er to forsenkninger i etter støterne.
11. Treskeverk blev innkjøpt 1915. - Den gamle jord- og skogbruksredskapen er helt utskifta nå i 1960. Det er nå traktor innkjøpt i 1956, personbil i 1960, en Jeep innkjøpt i 1953.
12. Jorddyrking: Korn: Poteter Nepe: Høy: Silo:  
                   1900 40da. 5 da. 0 55 da 0  
                   1960 42 ” 20 ” 8 da. 20 ” 10 da. (Halmluting)

I 1900 blev sæterløkken enda høstet, men ikke i 1960. I 1900 bruktes også ambulerende treskeverk, drevet med dampkjel. Denne innretning blev transportert gardimellem fra Gaustum i nord til Audenhus i sør, om høsten, sørover ett år og nordover det neste. Verket var stort så der bruktes vanlig en eller en og en halv dag til å treske op på en middels gard, men så måtte det til litt over 20 til treskehjelp. Transporten var ofte vanskelig og farlig på iset føre. I gardsvegene bruktes ofte både 6 og 8 hester foran, i både treskeverk og dampkjel. Der er nå treskeverk på nesten hver eneste gard, men er også mange steder erstattet av skurtresker. - I 1900 bruktes i skog og jordbruk bare hest og vanlige hesteredskaper. Stutting med ”baklekkjer” for hankekjøring i skogen, ”breisleda”, sluffe eller spisslede til skyss om vinteren og trille, fjerkjerre, gigg eller karjol ved sommertid. For lasskjøring henholdsvis langsleder eller stuttkjerre, og i åkeren, hester med forskjellige utgaver av harver og ploger. I 1960 er det nesten bare lunning av tømmer som foregaar med hest. Enkelte steder foregår også denne motorisert, med Winsj. Jordbruksarbeidet foregaar nå nesten utelukkende med traktor, påhengt hydraulisk betjente harver, ploger og såmaskiner og tipbare tilhengere. Der brukes også mye hydraulisk betjente gravemaskiner og lesseapparater. Bulldozere

og fresere brukes til både jordarbeide og snøbrøiting.- Det har på disse 60 år vært en kolosal utvikling i mekanisering og motorisering i både jord- og skogbruk og også i husholdningsarbeidet.

13. ---

14. Buskap:	Hester	Storfe	Småfe	Griser
1900	4	22	10	6
1960	2	15	6	18

Men da var Myre fraskilt.

Avdrått i seterbruket 1900: Smør: 4-500 kg. Ost: 5-800 kg.

Priser : Smør: kr. 1,60 pr. kg. Pultost: 0,50 , Rau ”gjetost” kr. 1,10, Kvit gjetost (vel mager) kr. 0,44 pr kg.

15. Arbeidsfolk i onnene: 2 husmenn, 1 tenestkar, 2 tilfeldig leide, 1 tenestjente til utearbeid av og til. Budeiløn kr. 150.- pr. år, for kar kr. 1,00- 1,50 pr. dag.

I 1960: Forpaktere gjør byttearbeid med sin far og bror og leier bare sveiser – unntatt i potetonna, da han leier ca. 10 plukkere og tar opp ca. 10 mål pr. dag.

16. Matkorn og mjøl ved nyttår:

1900: 5000 – 8000 kg. Nå i 1960 kjøpes vanlig etter hvert i sekkevis, på lager + såfrø ca. 2000 kg.

Kjøtt og flekk ved nyttår: 1900: ca. 400 kg., i 1960: 100-150 kg.

17. Forandring i kostholdet fra 1900 – 1960:

Det bruktes omkring 1900 adskillig mer saltmat av kjøtt og flekk og i den forbindelse mere hjemmebakkt flattbrød. Der bruktes da også til kakubaking de store indmurede bakerovner. Til førdugurd bruktes gjerne kaku og flattbrød med smør, pultost, kvitost. Til dugurds: Bygg- eller havresuppe, spekeflekk og poteter og ofte spekesild og poteter og brød. Smør blev ikke brukt i forbindelse med spekesild. Til middag: ”Kål” (suppe), kjøtt og flekk, av og til fisk. Om sommeren ”søill” med sur melk eller tettemelk. Etter slakting om høsten: blodpølse, klubb og innmatpølse. Til kvelds var det oftest vassgraut.

Inndeling av arbeidsdagen var: kl. 6 oo – 9 oo, 10,30 – 2 oo, 3,30 – 7 30.

I 1960 brukes vesentlig mindre av salt mat, da meget av kjøttet og flesket fryses.

Men lemmene av gris brukes fremdeles mest til spekemat. Der brukes da også nå mer i det heletatt av hermetikk og frosset mat og mer frukt og grønnsaker. Smør er i stor utstrekning erstattet av margarin.

18. Naturskader: Lynet slo ned i hovedbygningen her i 1927. Det slo sund pipa på taket, slo ned spjeldet i kjøkkenpeisen. Alle lypærer på garden gikk i stykker. (Elektrisk kraft var innlagt her i 1916.)

19. Der finnes en del gamle bøker her, ca. 200 år gamle og en del gamle oppskrifter og noteringer av forskjellig art. Kan kanskje delvis skrive seg fra Amund Jensen, (nevnt i slektsoppteignelsen) og som sies å ha vært skoleholder.”